Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3.

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Brynet

Oppskr. av: Søren Haugland

(adresse): Malmøy, Mandal

Fylke: Vest-Agder

Herad: Bjelland

Bygdelag: Austheia (Øysthei[a])

Gard: —

G.nr. — Br.nr. —

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Brynet (utt. brøyne). Andre namn blir ikkje nytta.

2. Mest bere bryne av Karborundum. For 30 år sidan og før var det helst naturstein, somme frå Eidsborg. Det kunde vera store stykke, omest som vedskier. Ein stakk dei etter ende ned i jorda og skløyvde dei med eit hoggjarn, en gamal ljå e. likn. i høvelege storleikar.
Det finst ikkje naturleg brynestein i bygda.

3. Alle reidskap blir først slipt på ein rund slipestein og etterpå kvest med bryne.

4. For ikr. 150 år sidan tynna dei ljåane i smia kvar laurdagskveld (etter Jens Haugland f. 1826).

384

Dei andre spørsmål kan ein ikkje svara på.

5. Nei, ingen annan stein enn slipesteinen.
Heller ikkje brukte ein å ta med seg slipesteinen utover teigane. Men når ein slo på heiane, tok ein gjerne slipestein med. Blir sumtid nytta den dag i dag.

6. Vanleg brukar ein ljåen ei øykt før ein sliper att. Er ein på heia, treng ein vanleg ikkje slipa meir enn ein gong om dagen.

7. På sume stader brukar ein enno ljåstikke (ljåstikka) anten aleine eller saman med bryne. Ljåstikka er vanleg 18" lang med handtaket. Stikka er helst av gamal eik som er laus i veden, og sett inn med sand. Ho kunne også vera av osp. Ein straak som med eit bryne. Stikker med eit smergel-lag blei og nytta.
Det hende at ein som bruka ljåstikka, hadde med seg på slåttevollen ein kopp med sand og vatn og gnika sanden inn



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

 3

med eit bryne.
Gåstikker lega ein heime.

8. Ein tek alltid gåen av. Skjeen fyrst med eggen mot seg, på neste side frå seg.

9 Odden held ein frå seg når ein bryner. Ein brukar ikkje stattoro.

10. Brynet har ein gjerne i lomma, gåstikka i brokse-skjetta.
I gamal tid brukte sume ein kopp av uthola tre til brynet. han blei kalla „bråyneskåjo" og hekk i „kekt" eller ein brokseknapp heilt bak.

11 Det skal vera eit kuhorn på ein gard (Ner-aust på Haugland) som truleg har vori nytta til å bera bryne i.

12 Kjenner ikkje til det.

13. Ein vætet berre naturstein. Olje har ein på bryne til barberkniv.

14 Nei.
15. Går ut.
16. Som ovafor.
17-2o. Nei.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY
384

384

NORSK ETNOLOGISK GRANSKI